



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2812 - 17/27464

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
27.09.2017

## Oversending av klage på gebyr for handsaming - gbnr 233/105 Eide indre

### Saka gjeld

Kommunen gav i møte i Plan- og miljøutvalet den 28.06.2017 avslag på søknad om dispensasjon og frådelling av ny bustadtomt på gbnr 233/105. Gebyr i saka er fakturert i samsvar med «Gebyrregulativ 2017 – lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste», vedteke av Lindås kommunestyre den 15.12.2016. Gebyrregulativet gjeld frå 01.01.2017.

Følgjande gebyr vart fastsett:

Søknadspåttige tiltak		Gebyr		
Kode	Skildring	Tal	Sats	Sum
9.1.2	Dispensasjon frå arealføremål i kommuneplanen	1	Kr 9 500,-	Kr 9 500,-
11.1.3	Deling som ikkje er i samsvar med arealføremål	1	Kr 8 500,-	Kr 8 500,-
	<b>Totalt gebyr å betala:</b>			<b>Kr 18 000,-</b>

Tiltakshavar/heimelshavar har i skriv mottatt 16.08.2017 klaga på gebyret. Klagen gjeld bruken av gebyrregulativet. Klagar meiner at når det er gitt avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremålet så er det ikkje grunnlag for å realitetshandsama søknaden om frådelling og at det følgjeleg er feil bruk av gebyrregulativet at det vert fakturert gebyr både for avslag på søknad om dispensasjon og frådelling.

Det vert vist til klagen i sin heilskap.

### Kommunen si vurdering



